



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Plan og byggenemnd  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 06.09.2018  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 03.09.2018

Thor-Sigmund Garvik  
leiar

**SAKLISTE:**

| Saksnr   | Innhold                                                                    |
|----------|----------------------------------------------------------------------------|
| PS 10/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                      |
| PS 11/18 | Protokoll frå førre møte                                                   |
| PS 12/18 | Prosjekt 51408 - Einedalen skule -<br>fleirbrukshall - konkurransegrunnlag |



**PS 10/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 11/18 Protokoll frå førre møte**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

|                |     |             |           |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | RMY | Arkivsaknr: | 2015/1640 |
|                |     | Arkiv:      | 614       |

|                    |                    |                 |
|--------------------|--------------------|-----------------|
| <b>Utvalsaksnr</b> | <b>Utval</b>       | <b>Møtedato</b> |
| 12/18              | Plan og byggenemnd | 06.09.2018      |

### PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - KONKURRANSEGRUNNLAG

#### Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda tek orienteringa om prosjekt 51408 – Einedalen skule, fleirbrukshall – til vitande og godkjenner slik vekting av tilbydarar i anbodskonkurranse for totalentreprise:

- **Pris** 60 %
- **Kvalitet** 40 %

Særutskrift:  
Eigedomsavdelinga, her  
Sektor Oppvekst v/ kommunalsjef  
Einedalen skule v/ rektor  
Hovudverneombodet

## Vedlegg:

### Uprenta vedlegg:

1. K-sak 110/17

### **Samandrag av saka:**

Saka gjeld val av tildelingskriterie for anbudskonkurranse med forhandling vedrørende totalentreprise for prosjekt 51408 – Einedalen skule, fleirbrukshall.

### **Saksopplysningar:**

Saka gjeld val av tildelingskriterie for anbudskonkurranse med forhandling vedrørende totalentreprise for prosjekt 51408 – Einedalen skule, fleirbrukshall.

### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 110/17 byggeprogram for fleirbrukshall ved Einedalen skule og gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25 x 45 m. ved Einedalen skule.*
2. *Fleirbrukshallen vert lag til tomte ved SFO.*
3. *Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.*
4. *Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet som totalentreprise i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.*

Prosjektet vart oppfinansiert ved kommunestyrets vedtak av budsjett og økonomiplan for 2018-2021, slik:

| Prosjekt                         | 2018             | 2019             | 2020     | 2021     |
|----------------------------------|------------------|------------------|----------|----------|
| Einedalen skule - fleirbrukshall | 8 000 000        | 8 000 000        | 0        | 0        |
| <b>Sum</b>                       | <b>8 000 000</b> | <b>8 000 000</b> | <b>0</b> | <b>0</b> |

Finansieringa føreset maksimal tippemiddelfinansiering og tildeling av RDA-midlar.

Finansieringsmodellen inneber at prosjektet må innrettast slik at grunnlaget for maksimal tippemiddelfinansiering ligg føre. I tillegg vil finansieringa medføre ei likviditetsbelastning på Herøy kommune inntil omsøkte tippemidlar vert utbetalt.

### Tildelingskriterere

Eigedomsavdelinga tilrår slik vekting av tilbydarane for å kunne velje det økonomisk mest fordelaktige tilbodet:

- **Pris** **60 %**
- **Kvalitet** **40 %**

Pris vert vurdert opp mot signert tilbodsbrief med komplett utfyllt og signert tilbodsskjema.

Kvalitet vert vurdert opp mot fylgjande delkriterium:

- **Arkitektonisk utforming og tilpassing til eksisterande bygning og terreng.**
- **Planløyising og funksjonalitet, herunder oppfylling av byggeprogram, arealeffektivitet og krava til tippemiddelfinansiering.**
- **Materialkvalitet med særleg fokus på**
  - **Robustheit**
  - **Levetid**
  - **Vedlikehald**
  - **Miljø**
  - **Reinhald**
- **Gjennomføringsplan.**

### Premiering av tilbydarar

Konkurransen gjennomførast som ein open tilbodskonkurranse med opning for forhandling dersom oppdragsgjevar finn det føremålstenleg.

Tilbydarane skal i tillegg til å innlevere tilbod på pris også kome med sitt forslag til arkitektur, funksjon og design. Dette medfører både kostnader for tilbydarane i tillegg til at tilbodsfristen er sett lengre enn for prosjekt der oppdragsgjevar på førehand har utarbeidd prosjekt.

Eigedomsavdelinga vurderer på denne bakgrunn det som hensiktsmessig å honorere tilbydar nr. 2 og 3 for å sikre konkurranse om prosjektet:

- **Tilbydar nr. 2 – eingangsbeløp – NOK 75 000,-**
- **Tilbydar nr. 3 – eingangsbeløp – NOK 50 000.**

Vinnaren av konkurransen og eventuelle øvrige interessentar og tilbydarar vert ikkje honorert.

### Atterhald

Det vert i konkurransegrunnlaget teke eit generelt atterhald om å avlyse konkurransen desom det ligg føre sakleg grunn for dette. Sakleg grunn kan, til dømes, vere at kostnaden for prosjektet vert høgre enn gjeldande finansiering eller manglande konkurranse.

Konkurransesgrunnlaget er utarbeidd av egedomsavdelinga, i samråd med kommunens innkjøpskonsulent og Odin Prosjekt AS, som Herøy kommune har rammeavtale med vedrørende innkjøpsfaglege vurderingar.

#### Vidare framdrift

Dersom plan- og byggenemnda godkjenner tildelingskriteria for anbudskonkurransen, er vidare framdrift for prosjektet slik:

| Milepæle                               | Dato        |
|----------------------------------------|-------------|
| Tilbudsutlysing                        | 21.09.2018  |
| Tilbudsfrist                           | 19.11.2018  |
| Tilbudsopning                          | 19.11.2018  |
| Evaluering og eventuelle forhandlingar | 19.11-20.12 |
| Melding om val av tilbydar             | Veke 50     |
| Klagefrist                             | 14 dagar    |
| Signering av kontrakt                  | Veke 51 - 2 |

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av prosjektet må vere på plass før val av tilbydar. Egedomsavdelinga søker å avklare føresetnadane for dette parallelt med utlysing av konkurranse og val av tilbydar.



**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår plan- og byggenemnda til å godkjenne tilbodskonkurranse med forhandling for prosjekt 51408 – Einedalen skule, fleirbrukshall – med slik vekting av tilbydarar:

- **Pris**                **60 %**
- **Kvalitet**        **40 %**

Konsekvensar for folkehelse:

Prosjektet vil ved ferdigstilling gi Einedalen skule eit fullverdig idrettstilbod i tillegg til at fleirbrukshallen etter skuletid vil supplere Herøyhallen, som pr. i dag ikkje har rom for auka aktivitet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Prosjektet vil ved ferdigstilling medføre ein auka driftskostnad for eigedomsavdelinga og for sektor Oppvekst.

Fosnavåg, 30.08.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust